


BJØRNAFJORDEN KOMMUNE



BUDSJETT 2026

ØKONOMIPLAN

2026-2029



Tryggleik - nærleik til tenester – levande lokalsamfunn - heile Bjørnafjorden



Innhald

1. Innleiing.....	3
1.2 Samfunnsmål, visjon og verdiar.....	3
2. Senterpartiet sine mål/prioriteringer for budsjettforslaget.....	4
3. Auka rammer, sektor for sektor:.....	6
3.1 Oppvekst.....	6
3.1.1 Auka rammer til skule/barnehage	
3.1.2 Tilbud til barn og unge i Ung arena og Fjorden arena	
3.1.3 Støtte til utdanningsmesse	
3.1.4 Transportordning for unge	
3.2 Helse og velferd.....	7
3.2.1 Heilskapleg innsatstrapp	
3.2.2 Seniordrosje	
3.2.3 Frisklivsentral	
3.2.4 Styrking av forebyggjande fagressurser	
3.2.5 Pott til frivillige lag	
3.3 Samfunn.....	7
3.3.1 Tiltak for auka busetning	
3.3.2 Ekstra midler til planarbeid	
4. Driftsbudsjett totaloversikt.....	8
4.1 Bruk av fond.....	9
5. Investeringsbudsjett.....	9
6. Forslag til vedtak.....	11
7. Verbalforslag.....	11

1.1 Senterpartiet sitt forslag til kommunebudsjett for 2026 for Bjørnafjorden kommune og økonomiplan for 2026–2029

Budsjettframlegget vårt tek utgangspunkt i kommunedirektøren sitt samla budsjettdokument lagt fram 30.10.25 i kommunestyret. Endringsforslag og føringar i høve kommunedirektøren sitt framlegg er kommentert nærare i dei påfølgjande kapitla.

Dei siste åra har vi hatt ein krevjande økonomisk situasjon i kommunen, slik vil det også bli i dei kommande åra. Innbyggjarar og tilsette har allereie merka konsekvensane av omstillingsprosessane som er sette i gang, og dei vil òg framover oppleve endringar både i tenestenivå og i måten oppgåver blir løyste på. Det er avgjerande at me finn eit riktig og berekraftig tenestenivå for innbyggjarane våre. Samstundes må kommunen få betre kontroll på utgiftene, og ikkje minst arbeide målretta for å auka inntektene.

Samarbeid og samhandling med frivillig sektor må vidareutviklast. Me må byggja fellesskap og skapa ei felles plattform for alle innbyggjarane i heile kommunen. Senterpartiet meiner dette best kan gjerast ved å inkludera alle – uavhengig av kvar dei bur i Bjørnafjorden kommune.

Ressursane og resultata kjem når me skapar i lag og på lag. Samfunnsplanen for Bjørnafjorden gir retning for dette arbeidet, og me må bruka planen aktivt i åra som kjem.

Å byggja ein kommune med felles kultur og identitet tek tid. Kommunevalperioden 2023–2027 er eit viktig steg på denne vegen. Difor er det avgjerande at me tek heile kommunen i bruk, og vidareutviklar alle dei flotte lokalsamfunna våre for å nå samfunnsmålet: **Det gode liv for alle.**

Senterpartiet meiner at skal Bjørnafjorden kommune ta nye steg framover, må me vera bevisste på å utnytta heile kommunen sine kvalitetar og ressursar. **Gode grunnleggande tenester på begge sider av fjorden** er heilt nødvendig, både på grunn av dei store avstandane og fordi fjorden fysisk deler kommunen. Me meiner òg at me framleis har eit stykke igjen før Bjørnafjorden verkeleg fungerer som éin samla kommune.

Utviklinga av kommunen som heilskap, og av kvart enkelt lokalsamfunn, er eit felles ansvar. Eit godt samarbeid mellom innbyggjarar, tilsette, politikarar, frivillig sektor og andre samfunnsaktørar er avgjerande for at Bjørnafjorden kommune skal lykkast i åra som kjem.

1.2 Samfunnsmål, visjon og verdier

Senterpartiet vil også i år løfta fram kor viktig det er å styre etter Bjørnafjorden kommune sitt samfunnsmål, visjon og verdier. Desse skal vere rettesnorer for prioriteringar og utvikling i denne perioden. Samfunnsplanen vart vedteken av kommunestyret i 2022 og er soleis felles plattform for oss alle.

Samfunnsmål:**DET GODE LIV FOR ALLE****Visjon (kva vil me oppnå):****EIT RAUST OG ATTRAKTIVT LOKALSAMFUNN MED EVNE OG VILJE TIL NYSKAPING****Verdiar:**

- Vi lyttar med respekt
- Vi er inkluderande
- Vi finn smarte løysingar
- Vi gjer det vi seier

2. Senterpartiet sitt mål og fokus for budsjettforslaget 2026

- Balanse i økonomien innan 2029, helst utan innføring av eigedomsskatt
- Byggja fellesskap og sikre gode tenester i heile kommunen
- Sikra godt ytringsklima og opne, ryddige arbeidsforhold for alle tilsette
- Sikra føreseieleg, effektivt og godt planarbeid – samt trygg og solid drift av kommunen

Kommunedirektøren sine framlegg til budsjett for 2023, 2024, 2025 og 2026 – samt økonomiplanen for 2026–2029 – viser med tydelegheit både alvoret og den økonomiske utviklinga i kommunen.

Tidlegare har ein peika på at Robek-status eller eigedomsskatt kan liggja i horisonten. Slik situasjonen er no, ser me likevel ein enda større risiko: ein utarma kommune der tenester vert sentraliserte til sentrum, og der me sluttar å ta heile kommunen i bruk.

Senterpartiet registrerer at kommunedirektøren i år presenterer eit budsjett han omtalar som eit vegskilje for kommunen. Han understrekar at tida for små justeringar og enkeltståande tiltak for å halde drifta i balanse er forbi. Dei siste åra er det gjennomført store og mange kutt gjennom ulike omstillingsprosjekt, men trass i dette har ein ikkje klart å bringa økonomien i balanse.

Kommunedirektøren viser òg til at framtidas velferd krev større grad av førebygging og samhandling. Også i år meiner han at budsjettet er realistisk – men dette er basert på forventa innsparingar frå omstillingsprosjekt, nedtrekk i tenester og auka bruk av fond. Det blir sagt at me må jobbe på nye måtar og at kanskje ikkje alle kan få dei tenestene dei ønskjer. Det er dette som skal bringe budsjettet i balanse.

For budsjettåra 2024 og 2025 var Senterpartiet særst uroa for at kommunedirektøren sitt framlegg var for tøft. Me tvilte på om me ville få dei store gevinstane av innsparingstiltaka og var uroa for at det ville gå ut over tenestene.

I 2025 ser det no ut til at me går mot eit meirforbruk på 44 mill. kroner, i tillegg til at budsjettet allerede er saldert med bruk av 65 mill. kroner frå fond. Totalt ser det ut til at me brukar om lag 109 mill.

kroner meir enn det ein faktisk hadde budsjettert med i 2025. Dette uroar oss sterkt med tanke på 2026.

Det er positivt at det no er slått fast at utfordringa ikkje ligg i manglande budsjettdisiplin, men i at budsjettrammene til sektorane har vore for stramme. Det er ikkje heldig å jobba på ein måte der ein systematisk trekkjer ned for å finne sektorane si smertegrense. Me må sikre eit minimumsnivå av tenester, også i økonomisk krevjande tider. Difor meiner Senterpartiet at tida er inne for å sjå på andre inntektsmoglegheiter enn dei kommunedirektøren legg til grunn.

Me står no i ei tid der dei fleste kommunar strevar med å få rammene til å strekkja til, og der konsekvensen ofte blir dårlegare tilbod innan tenester som kommunane òg bør levera på. Særleg ser me at det er vanskeleg å prioritera førebyggjande og helsefremjande arbeid når dei knappe ressursane i hovudsak går med til å oppretthalda lovpålagde tenester. Dersom kommunane skal greia å omstilla seg til eit samfunn der fleire skal bu heime lengst mogleg, der me vert fleire eldre og færre yrkesaktive innan dei ulike tenestene, **må me òg prioritera førebyggjande tiltak og investeringar som styrkjer innbyggjarane si evne til å ivareta eiga helse og klare seg lengst mogleg sjølve.**

Senterpartiet meiner at også staten må ta eit større ansvar på inntektssida gjennom betre og meir treffsikre rammeoverføringar til kommunane. I tillegg kan det vere aktuell å arbeida for større føreseielegheit i inntektene frå havbruksfondet, som over tid har vist seg vanskeleg å budsjettera nøyaktig med. Me har òg tidlegare peika på behovet for eit kunnskapsgrunnlag for kva inntekter **eigedomsskatt** kunne ha generert for kommunen.

Bjørnafjorden kommune må ikkje hamna i ein situasjon der intensjonen om å ta heile kommunen i bruk vert sett til side. For Senterpartiet er det avgjerande at dette framleis ligg til grunn for prioriteringane våre. Me ser behov for å justere enkelte av rammene i budsjettet for 2026 samanlikna med kommunedirektøren sitt framlegg.

Senterpartiet er glade for at ein med arbeidet med heilskapleg innsatstrapp no vender fokuset tilbake mot **førebyggjande tenester**, etter fleire år der nettopp slike lågterskeltilbod har vore kutta til fordel for kun lovpålagte tenester. Samstundes er det urovekkande dersom ein reduserer tenester høgt oppe i trappa før ein har fått på plass tiltaka nedover i trappa, og før ein faktisk kan sjå effektane av dei.

Dette viser kor viktig det er å sjå tenestene i samanheng, og å prioritere dei områda som kan gi størst langsiktig gevinst. Difor meiner me at me framleis må setje særleg kraft inn på **oppvekstsektoren**, med vekt på førebygging og tidleg innsats. Det er òg viktig å sikra gode læringsvilkår for barna våre. Me må sikre gode dagar for både barn, føresatte og tilsette innanfor sektoren.

Her meiner Senterpartiet at det er nyttig å ta i bruk fleire profesjonar inn i skulen for å møte dei utfordringane barn og unge står i i dag. Me vil særleg leggja til rette for **miljøarbeidarar og andre miljøfaglege ressursar** som kan avlasta lærarane og støtta opp om dei ulike utfordringane i skulekvardagen.

Me treng fleire trygge vaksne på skulane som har tid til elevane, som kan følgja opp enkeltelavar og grupper, og som er til stades når ting vert vanskeleg. Slike ressursar er viktige både for å førebyggja mobbing og utanfor skap, byggja inkluderande læringsmiljø og gjera elevane meir mottakelege for læring.

Når det gjeld framlegget frå førre budsjett om å kutte 15 mill. kroner innan helse som følgje av arbeidet med heilskapleg innsatstrapp, var me i utgangspunktet skeptiske. Me var då, og er framleis, usikre på om dette er realistisk så tidleg i omstillingsarbeidet, særleg med tanke på at kommunen får stadig fleire eldre innbyggjarar. Prosjektet med Agenda Kaupang og omstilling innan helsetenestene vil trenge meir tid før ein kan ta ut reelle gevinstar.

3. Auka rammer, sektor for sektor:

3.1 Oppvekst

3.1.1 Auka rammer for skule/barnehage

Skulesektoren har dei siste åra hatt svært stramme rammer, og handlingsrommet har vore lite. Dette har me i Senterpartiet prøvd å ta omsyn til i budsjettforslaga våre dei siste åra, ved å leggja inn ekstra midlar til skuleområdet. Me er glade for at kommunedirektøren no følgjer opp dette, og har auka rammene noko både i året som gjekk og i det kommande budsjettet.

Me er likevel usikre på om rammene er tilstrekkelege, gitt dei utfordringane me ser innanfor skuleområdet. Difor ønskjer me å halda fram med å styrkja desse rammene, slik at skulane får betre vilkår til å arbeida med **miljøarbeid, førebygging av mobbing og utanforskap**, og å vidareføra det viktige arbeidet med **tidleg innsats og lesing**. Me vil at skulen skal vera ein **trygg og inkluderande møteplass** for alle barn og unge, der dei opplever fellesskap, meistring og trivsel. Slike satsingar er avgjerande for å snu den utviklinga me ser, og for å sikra at alle elevane våre får ein god og rettviss start på utdanningsløpet.

3.1.2 Tilbud til barn og unge i Ung Arena og Fjorden Arena

Aktivitetstilbud for ungdom på fritida er avgjerande for å sikre eit trygt og godt oppvekstmiljø. Open hall og gratis aktivitetar på begge sider av fjorden er eit tilbud som me ønsker å vidareføre i heile økonomiplan perioden. Ungdom treng ein stad dei kan kome til, ein trygg stad der dei kan vere med vener og treffe trygge vaksne. Dette er viktige tiltak både i ungdomsarbeidet og det førebyggjande arbeidet kommunen driv.

3.1.3 Støtte til Utdanningsmesse

Senterpartiet ønskjer å setja av midlar til utdanningsmesse for ungdom i Bjørnafjorden. Ei slik messe gjev elevar høve til å møte vidaregåande skular, lærebedrifter og andre utdannings- og yrkesaktørar, og kan bidra til betre val, mindre fråfall og tettare kontakt mellom skule og arbeidsliv.

3.1.4 Transportordning for unge

For å sikra at barn og unge i heile kommunen kan delta i fritidsaktivitetar, ønskjer Senterpartiet å styrkja ei transportordning for unge. Dette er særleg viktig i bygdene og på stader med avgrensa kollektivtilbod, og vil vere eit viktig tiltak mot utanforskap og sosiale skilnader.

3.2 Helse og velferd

3.2.1 Heilskapleg innsatstrapp

Senterpartiet har lagt inn ein ekstra buffer til arbeidet med heilskapleg innsatstrapp. Me meiner det er urealistisk og risikabelt å snu tenestene berre gjennom kutt øvst i trappa, me treng òg midlar til å byggja opp førebyggjande og tidlege tiltak nedst i trappa, slik at gevinstane kan takast ut på litt lengre sikt.

3.2.2 Seniordrosje

Senterpartiet ønskjer å vidareføre og tryggja ordninga med seniordrosje. Målet er å gje eldre med redusert mobilitet betre høve til å koma seg til aktivitetar ogsosiale møteplassar, og slik støtta opp under målet om at fleire skal kunna bu trygt heime lengst mogleg.

3.2.3 Frisklivssentral

Senterpartiet vil styrkja det forbyggjande helsearbeidet ved å sette av midler til etablering av Frisklivssentral. Tilbod om rettleiing, fysisk aktivitet og livsstilsending kan førebyggja sjukdom, styrkja livskvalitet og på sikt redusera behovet for meir kostnadskrevjande helsetenester.

3.2.4 Styrking av førebyggjande fagressursar

Senterpartiet ønskjer å satse meir på tverrfaglege yrkesgrupper i det førebyggjande arbeidet, som til dømes helsesjukepleiarar, ergoterapeutar, fysioterapeutar og miljøterapeutar. Desse kan saman bidra til tidleg innsats rundt barn, unge, familiar og eldre, og dermed dempe behovet for meir omfattande tiltak seinare.

3.2.5 Pott til frivillige lag

Frivillige lag og organisasjonar gjer ein stor del av det førebyggjande og helsefremjande arbeidet i lokalsamfunna våre. Senterpartiet ønskjer difor å setja av ein eigen pott til frivillige lag som kan støtta tiltak retta mot inkludering, aktivitet, møteplassar og fellesskap.

3.3 Samfunn

3.3.1 Tiltak for auka busetning i søre delen av kommunen

Senterpartiet vil setja av midlar til tiltak for å auka busetnaden i søre delen av kommunen. Dette kan til dømes vere støtte til planarbeid, tilrettelegging for bustadbygging, møteplassar og marknadsføring av området som ein attraktiv stad å bu.

3.3.2 Ekstra midler til planarbeid

For å kunna leggja betre til rette for bustader, næringsutvikling og gode lokalsamfunn, ønskjer Senterpartiet å auka rammene til planarbeid. Me vil styrkja kommunen si evne til å gjennomføra reguleringsplanar, særleg i bygdene, slik at gode prosjekt ikkje stoppar opp på grunn av manglande planressursar.

4. Driftsbudsjett totaloversikt

Tiltak	2026	2027	2028	2029
Frie/ ekstrainntekter/ fond				
Havbruksfond	-20 000 000		-25 000 000	
Auka statlege overføringer	-14 000 000	-14 000 000	-14 000 000	-14 000 000
Auka skatteinntekter				
Auka bruk av premiefond		-10 000 000		
Eigedomskatt				
Delsum	-34 000 000	-24 000 000	-39 000 000	-14 000 000
Fellesområde				
Trekk i formanskapets disp.fond	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
Delsum fellesomr	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
Stab				
Delsum				
Oppvekst				
Auka rammer til skule/barnehage	6 000 000	6 000 000	6 000 000	6 000 000
Open hall/aktivitet for ungdom	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Utdanningsmesse	100 000	100 000	100 000	100 000
Transportordning ungdom	500 000	500 000	500 000	500 000
Delsum oppvekst	7 600 000	7 600 000	7 600 000	7 600 000
Helse og Velferd				
Prosjekt - dimensjonering	10 000 000	5 000 000		
Seniordrosje	200 000	200 000	200 000	200 000
Frisklivsentral	500 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Styrking av førebyggjande fagressursar	1 500 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Pott til frivillige lag	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Delsum helse	13 200 000	10 200 000	5 200 000	5 200 000
Samfunnsutvikling				
Planarbeid	2 000 000	1 000 000		
Bustadetablering	300 000	400 000		
Delsum samfunn	2 300 000	1 400 000		

Finans				
Redusert utbytte BUS	10 000 000			
<i>Delsum finans</i>	10 000 000			
Total auka ramme etter endringane	32 800 000	18 900 000	12 500 000	12 500 000
Til avsetning	1 200 000	5 100 000	26 500 000	1 500 000

4.1 Bruk av fond

Premiefond				
	2026	2027	2028	2029
Fondsbruk innstilling	65 582 000	32 564 000	21 564 000	17 564 000
Saldo 1.1	193 500 000	127 918 000	85 354 000	63 790 000
SP's bruk av premiefond		10 000 000	0	0
Totalt bruk av premiefond	65 582 000	42 564 000	21 564 000	17 564 000
Saldo premiefond 31.12	127 918 000	85 354 000	63 790 000	46 226 000

5. Investeringsbudsjett

Senterpartiet har følgende endringar i høve kommunedirektøren sitt forslag til investeringsbudsjett.

Investeringer				
	2026	2027	2028	2029
Uteareal skule/barnehage	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Omsorg +	2 500 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
Bygdeutvikling	1 000 000	1 000 000		

5.1 Oppvekst

5.1.1 Uteområde skule/barnehage

Senterpartiet ønskjer å setja av meir midlar til uteområda ved skular og barnehagar i Bjørnafjorden kommune.

Gode uteområde er ikkje berre «kjekt å ha», men ein av dei viktigaste arenaene for sosialt samspel. I friminutta må det vera noko å gjera for alle – med leiker, apparat og aktivitetar som passar ulike aldre, interesser og føresetnader. Når uteområda er fattige på innhald, aukar risikoen for kjedsomheit, konflikhtar og utanfor skap. Gjennomtenkte og varierte uteområde kan derimot fremje inkludering, meistring og trivsel.

Senterpartiet ser difor investeringar i uteområde som eit viktig førebyggjande tiltak, og vil at alle barn skal møte ein skule- og barnehagekvardag der dei har gode moglegheiter for lek og aktivitet i friminutta

5.2 Helse

5.2.1 Omsorg+

Senterpartiet ønskjer å styrkja investeringane i **Omsorg+** og andre lignande kommunale bustader. Når me vert fleire eldre og fleire med samansette behov, treng me gode, trygge og tilpassa butilbod som gjer at folk kan bu heime og klare seg sjølve lengst mogleg.

Gjennom rehabilitering og oppgradering av tilrettelagde leilegheiter og kommunale bustader vil me sikra betre standard, universell utforming og løysingar som gjer kvardagen enklare både for bebuarar og tenestene. Slik byggjer vi opp under målet om at flest mogleg skal kunna bu trygt i eigen heim – også når behovet for hjelp aukar.

5.3 Samfunn

5.3.1 Bygdeutvikling

Senterpartiet ønskjer å investeringane i **bygdeutvikling** for å skapa livskraftige lokalsamfunn i heile Bjørnafjorden kommune. Skal me få vekst og framtidstru, må me støtta opp om og investera i bygdene våre.

Gjennom målretta investeringar kan me leggja betre til rette for **bustader, næringsutvikling, møteplassar og frivillig aktivitet** i bygdene. Dette er avgjerande for å sikra grunnlaget for **skular, barnehagar, lokalt næringsliv og lag og organisasjonar**, og for at folk skal kunna velja å bu og leva gode liv i **heile** kommunen.

6. Forslag til vedtak

Bjørnafjorden kommunestyret vedtak kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett for 2026/økonomiplan 2026-2029 justert med endringane i dette dokumentet.

7. Verbalforslag

7.1 Utvida mandat for Bjørnafjorden Utviklingsselskap til bygdeutvikling

Kommunestyret ber om ei sak der det vert sett på om Bjørnafjorden Utviklingsselskap, i tillegg til dagens ansvar for næringsområda, også kan få eit tydelegare mandat til å bidra i utvikling av bygdene i kommunen.

7.2 Tiltak for auka busetnad i utvalde delar av kommunen

Kommunestyret ber om ei sak som ser på korleis kommunen kan legge bedre til rette for utvikling og busetning i utvalde delar av Bjørnafjorden kommune der ein ser negativ folketalsutvikling. Eit punkt innanfor dette kan være om ein i planarbeidet skal vurderer innføring av buplikt i delar av kommunen der ein ser sterk konkurranse mellom fastbuande og kjøparar som nyttar bustader og småbruk som fritidsbustader.

7.3 Vern og langsiktig forvaltning av Osmarka

Kommunestyret ber om ei sak om vern og langsiktig forvaltning av Osmarka som frilufts- og naturområde for innbyggjarane.

7.4 Utgreiing av båtskysstilbod i Bjørnafjordbassenget

Kommunestyret ber om ei sak som vurderer behov og moglegheiter for eit betre båttilbod i Bjørnafjordbassenget, særleg for område der dagens busstilbod ikkje er tilstrekkeleg.

7.5 Transportordning for unge

Kommunestyret ber om ei sak som vurderer moglegheita for å etablere ei skyssordning for ungdom, slik at det vert enklare for ungdom frå delar av kommunen med dårleg eller manglande kollektivtilbod å koma seg til og frå fritidstilbod på ettermiddagar og kveldstid.

7.6 Frisklivsentral

Kommunestyret ber om ei sak som vurderer etablering av Frisklivssentral i Bjørnafjorden kommune som del av det førebyggjande helsearbeidet.